

## Sak – 17/3767 – gbnr 233/6/Eide indre

### Moderne hus på Ostereidet

Vi fekk Rådmannen i Lindås Kommune sin innstilling i saka, og der kan vi lese at Rådmannen er uviss på om den utforminga på huset vi har vald vil vera det beste for området. Under grunngjev tiltakshavar valet av moderne hus på garden.

#### Naboane på Ostereidet:

Vi har nabovarsla alle aktuelle partar der vi har lagt ved teikningar og skisser av huset, og vi har ikkje motteke klagar på korkje plassering eller utsjånad/utforming av huset. I tillegg har vi ringt rundt og/eller besøkt dei næraste naboane der vi har snakka om utsjånaden og val av hustype, og alle er svært positive til tiltaket. Det at huset ikkje vert bygd i tradisjonell stil har ikkje vore noko problem for folk i bygda.

#### Plassering:

For å vise omsyn til naboane og bygga rundt valde vi å trekkje huset langt bak på eigedomen og eit godt stykke oppi lia, slik at ingen naboar vert sjenerte av bygget. Det vil berre vera mogleg å sjå huset dersom ein står rett nedanfor det, kor tiltakshavar si bestemor bur. Den andre grunnen til at vi valde å trekkje huset langt opp er for å utnytte den flotte utsikten mot Osterfjorden. Store vindauge i front sørger for godt lys i huset og fin utsikt. Rett nedanfor huset står det ein låve og eit vaskehus. Tilsaman vil dei tre bygga forme eit fint og naturleg gardstun omkransa av store trær.

#### Utsjånad:

Vi ser for oss å velje nøytrale naturfargar på bygget, slik at huset vil gå mest mogleg i eitt med naturen og landskapet rundt. Store vindaugsflater vil vere med på å understreke dette, då dei vil reflektere naturen og himmelen. Huset må derfor i seg sjølv anses for å inneha gode visuelle kvalitetar.

Eit tiltak må også ha gode visuelle kvalitetar som passar til funksjonen tiltaket skal ha, og i tillegg dei bebygde og naturlege omgjevnadane rundt tiltaket.

KPA pkt. 5.2 krev at tiltaket skal plasserast slik at det «*passar best mogleg inn i kulturlandskapet*», herunder «*innpassing til eksisterande bygningsmiljø*». Ein kan ikkje tolke dette som at all bygningsmasse på landbrukseigedomar skal vera tilnærma like – bestemmelsen i pkt. 5.2 utelukker ikkje nytenking.

Heller ikkje pbl. § 29-2 krev at bygget skal vera likt sine bebygde omgjevningar, også kontrastar kan vera positive, men avvika må framstå som fagleg begrunna val, framfor tilfeldig utforming. Plasseringa i landskapet er også ein faktor i vurderinga, jf. Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) s. 342.

Dette må gjelde også ved forståinga av KPA pkt. 5.2.

Valet av husets utsjånad og utforming er eit nøye gjennomtenkt val, med sikte på å skape spanande kontrastar mellom det tradisjonelle og det moderne på denne landbrukseigedomen.

Funkishus og moderne bustadar vert meir og meir vanleg i byggjefelt, men også på gardar. Husa gjev fine kontrastar til eksisterande bygningar i tradisjonell stil. Framtidsretta byggjeskikk har i alle år vore viktig, særleg med tanke på miljø og kostnader. Kvifor skal vi byggje like hus som tidlegare generasjonar? Vi må følgje med i tida, også i byggjeskikken, samtidig som vi ivaretek byggjestilen på eksisterande bygningar på tomten. På den måten er det attraktivt å busetje seg på nedlagte gardar for å ta opp att drifta og ivareta kulturlandskapet, som vi alle er einige om at er viktig for framtida.

Vi visar til eit funkishus som vart godkjend og bygd ved kaien på Stranda, ikkje langt frå Ostereidet. Dette huset er heilt ulikt alle andre bygningar omkring, men passar likevel godt inn. Det gjev eit variert og spanande uttrykk i området. Sjå bilete av dette huset under.



*Moderne hus på Stranda*



*Moderne hus med tradisjonelle bygningar rundt*



*Gamlebutikken på Stranda – nabo til det moderne huset*

#### Miljø:

Oppvarming av huset vert anten vedovn og vassboren varme, eller vedovn og varmekablar. Garden består av mykje skog, og vi er oppteken av å nytte det, både i eit miljømessig perspektiv og eit skogsrydnings perspektiv. Vi kjem også til å vera bevisste i val av kvalitet på vindauga slik at vi har minst mogleg varmetap. Solcellepanel er også noko vi diskuterer, men har ikkje landa på noko enno.

#### Konklusjon:

Vi meiner at val av hustype vil passe fint inn i omgjevnadane og på gardstunet. Hustradisjonar er vi oppteken av, men vi meiner også at det må vera mogleg å modernisere seg i tråd med tida, og huset vi har fått teikna er ikkje revolusjonerande på nokon måte. Med dei grepa vi har tatt for at huset ikkje skal verta for prangande i landskapet meiner vi at eit moderne hus vil vera eit flott tilskot i bygda på Ostereidet og bidra til eit spanande og variert bygningsmiljø i området.